



Arkivsaknr: 2024/10818-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Gripen Gard og rurale tidsreiser

Utvalssak Utval

Møtedato

Utval for næring, kultur og idrett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Vidareutvikling av Gripen gard & rurale tidsreiser vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Gripen Gard og rurale reiser er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 01.452 Geitehold. Registrert 13.09.2005. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Gripen Gard og rurale reiser er ei verksemd som driv med gardsdrift, økoturisme og festlokale (mangesysleri). Verksemda held til på Frekhaug og har 1 tilsett på heiltid.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. oktober 2024 og er forventa gjennomført 31. desember 2024. Gripen gard blir driven på tradisjonelt vis med hovudfokus på gamalnorsk sau og sauene i landskapet. Verksemda driv med sau på eit heilskapleg vis med fokus på avl og halde den gamalnorske sauene frisk og rein.

Forretningsideen til Gripen gard kombinerer tradisjonelt sauehald og berekraftig jordbruk med turisme og utleige av overnatting, festlokale, opplevingar og produkt laga på garden. Slik kombinerer verksemda jordbruk drive som på 50-talet, med handverk, turisme og opplevingar for å skape ei berekraftig og mangfaldig verksemd.

Gripen Gard driv med avl av ull og for verksemda er ulla frå sauene svært viktig. Verksemda held mange ulike kurs med ull som tema og folk kjem langvegs frå for å vere med på kursa. Verksemda driv og fire gardar for naboar som har lagt ned drifta.

Gripen gard er opptatt av berekraft og Gripen er sertifisert tilbyder av norsk økoturisme gjennom merkeordninga Hanen. Gardsdrifta i Gripen er Debio-sertifisert og garden i stor grad sjølvforsynt. Målgruppa er i hovudsak FIT (foreign individual travelers) som er spesielt opptatt av det tradisjonelle og berekraftige, er miljøbevisste, ønsker å kjøpe økologisk mat, og vil ha ei unik oppleving.

Gripaløa som óg er Debio-sertifisert stod ferdig i 2023 og er utstyrt med ein romsleg festsal, fullt utrusta industrikjøken, internett og moderne fasilitetar som videokanon. Lokalet er designa for å tilby eit sjarmerande og unikt miljø for ulike typar arrangement. Med sin kombinasjon av moderne teknologi og rustikk atmosfære, er Gripaløa skreddarsydd for å tiltrekke seg både private arrangement som bryllaup, bursdagsfeiringar og jubileum, samt bedrifter som ønsker å halde kurs, seminar eller team-building i ei avslappa og naturleg setting.

Målet er å gi gjestene ei annleis oppleving, der dei kan nyte den landlege atmosfæren i Gripen, samtidig som dei har tilgang til alle nødvendige fasilitetar for eit vellukka arrangement.

Prosjektleveranse / målsetting

Målet med dette utviklingsprosjektet er å synleggjere Gripens alternative og berekraftige utleigeobjekt til fest og møter med meir, for både privatmarknaden og næringslivet.

For å nå målet om å gje gjestane ei annleis oppleving i landlege omgjevnader, samtidig som dei får tilgang til nødvendige fasilitetar, og å utvide marknaden mot bedrifter og private arrangement, må Gripen Gard sette i verk følgjande tiltak:

- Forbetre marknadsføring mot bedrifter og private og utarbeide målretta marknadsføring via sosiale medier og direkte kontakt med bedrifter, for å auke synlegheit og få fleire bookingar for arrangement og kurs.
- Tilby skreddarsydde arrangementspakker og utvikle pakkar som kombinerer aktivitetar og matopplevingar for å gje gjestane valmoglegheiter ift sine arrangement.
- Samarbeid med verksemda Heimalaga Mat frå Pøylø som har same ideologi rundt kortreist og tradisjonsrik mat som Gripen, for å ha eit tilbod til dei som ønskjer matservering under arrangementet.
- Utvikle uteområde for aktivitetar og etablere aktivitetar for kundar som ønskjer teambuilding.
- Arrangere opne besøksdagar og invitere potensielle kundar til visningar av Gripaløa og området rundt, for å auke synlegheit og interessa frå både private og bedrifter.

Ved gjennomføring av dette utviklingsprosjektet ønskjer verksemda å oppnå følgjande resultat:

- Fleire arrangement for både private og bedrifter
- Auka inntekt frå arrangement, kurs og matservering
- Positiv kundeoppleving og auka synlegheit
- Eit stabilt og utvida kundegrunnlag med lokal, nasjonal og internasjonal tiltrekking

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Vidareutvikling av Gripen gard & rurale tidsreiser	50 000	25 000	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Gripen gard & rurale reiser ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å skape ny vekst i verksemda og gjeld i hovudsak støtte til utviklingstiltak som innleige av fagpersonell rundt marknadsføring, produktutvikling og pakketering, samt utarbeiding av samarbeidsmodellar med andre verksemdar. Søknaden viser og til fysiske investeringar som tilrettelegging for aktivitetar på uteområda og andre tilpassingar som må gjennomførast.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Gripen gard & rurale reiser viser til for å synleggjere Gripen som utleigeobjekt både for privatmarknaden og næringslivet og for å styrke verksemda sin marknadsposisjon.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemdar, kompetanseutvikling, samt samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv. Eit slikt utviklingsprosjekt vil og kunne bidra til arbeidsplassutvikling i verksemda og til ei berekraftig næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Vidareutvikling av Gripen gard & rurale tidsreiser vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om kommu
- 2 Gripen Gard soeknad Alver næringsfond 2024, med Helene Olli.docx